

Detaljregulering for Rv. 41 Treungen - Stråndrak, Nissedal kommune

Reguleringsføresegner

Plan ID: 2018002

Sist revidert: 06.03.2020

Forslagsstillar: Statens vegvesen

Det regulerte området er vist med reguleringsplangrense på plankart datert 06.03.2020

1

Hensikt med planen

Reguleringsføresegnene er ein del av forslag til detaljregulering for riksveg 41 i Nissedal kommune. Hovudmålet med reguleringsplanen er å leggja til rette for utbetring av rv. 41 på strekninga langs Nisser mellom Treungen og Kyrkjebygda og få ein trygg og effektiv riksveg 41.

2 Fellesføresegner

2.1 Generelt

Reguleringsplanen inneheld 7 plankart og desse reguleringsføresegna. Plankartane har nummer R01, R02, R03, R04, R05, R06 og R07.

2.2 Eigarform

Areal som er vist med eigarform o_, er offentlege. Areala som ikkje er vist med eigarform er private.

2.3 Frisiktliner

Omfattar alle frisiktlinjer som ligg i reguleringsplanen. Primærvegens køyrebane, sett frå avkøyrsele, skal være synleg i hele sikttrekanten. Innan sikttrekanten skal eventuelle sikthindringer ikkje være høgare enn 0,5 m over køyrebanenivå for primærvegen.

2.4 Støy

Det tillatast støyskjerming som vist i plankartet. Skjermen kan etablerast med maks høgde 2,5 meter.

2.5 Kulturarv

Om det viser seg først mens anlegget er i gang at det kan verka inn på automatisk freda kulturminne, skal Vestfold og Telemark fylkeskommune kontaktast og arbeidet stansast i den utstrekkinga det kan røre kulturminnet. Kulturminnestyresmaktene avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan halde fram og vilkåra for det. Fristen kan forlengast når særlege grunner tilseier det (jf. kulturminnelova § 8, andre ledd).

3 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL. § 12-5, nr. 2)

3.1 Køyreveg

Områdane f_SKV1 – f_SKV8 er felles for fleire eigedomar.

f_SKV1 er felles for alle eigedomane i Smeitkollen.

f_SKV2 er felles for gnr/bnr: 31/181 og 31/7

f_SKV3 er felles for gnr/bnr: 33/44, 31/44, 31/8

f_SKV4 er felles for gnr/bnr: 32/5, 32/2, 31/7

f_SKV5 er felles for gnr/bnr: 32/5, 32/10, 31/7, 32/2, 32/4

f_SKV6 er felles for gnr/bnr: 31/1, 31/7

f_SKV7 er felles for gnr/bnr: 32/15, 32/3, 32/21, 32/2 og 32/4

f_SKV8 er felles for gnr/bnr: 32/25, 32/18

f_SKV9 er felles for gnr/bnr: 32/13, 32/12, 32/11, 32/14, 32/16, 32/7

f_SKV10 er felles for gnr/bnr: 31/6, 31/12, 31/18

3.2 Annan veggrunn - tekniske anlegg

Områdane o_SVT omfattar sideareal til vegen med skjeringar, fyllingar, grøfter og tekniske konstruksjonar som tilhøyrar vegen. Det kan førast opp murer, gjerder og installasjonar som er nødvendige for drift av veganlegget. Grøntareal skal arronderast, tilsås og plantast til med stadeigne artar. Fjellskjeringar vurderast av geolog og sikrast i samsvar med gjeldande krav.

4 Bestemmelsesområder

Bestemmelsesområde (PBL. § 12-7, nr. 1)

4.1 Anlegg- og riggområde #91

Områdane #91 disponerast til mellombelse rigg og anleggsområde og kan i anleggsperioden

nyttast til anleggs- og riggområde, anleggsveg, massedeponi og mellomagring av masser.

Markeringa på plankartet av anlegg- og riggområde fjernes når kommunen gjev vedtak om det.

Områdane skal etter at anlegga er avslutta ryddast, settast i stand og tilbakeførast til tidlegare føremål. Områdene L_1, L_2 og L_3 er større område tilpassa deponi, tipp og riggområder.